

Bergen, 24.mai 2016

Søknad om oppretting av utanlandsklasse i Edinburgh

I dagens og morgondagens globaliserte verd er det heilt naudsynt å sørge for at norsk ungdom får internasjonale impulsar. Det er viktig at elevane lærer framande språk og kultur. Like viktig er det at unge menneske lærer seg å forstå og respektere menneske med ein annan bakgrunn enn oss.

Elevutveksling i vidaregåande skule har vorte stadig meir populært. Nærare 4,5 % av elevane i Vg2 vel no å ta eit utvekslings år (SIU sin mobilitetsrapport). Hovuddelen av norske elevar ynskjer utveksling med eit engelsktalande land.



Private aktørar organiserer størstedelen av denne utvekslinga. Dette gjev høge kostnader som er med på å vanskeleg gjere utveksling for mange ungdomar.

Utveksling organisert av offentlege skuleeigarar har større fokus på kvaliteten i utanlandsopphaldet og tilbodet vert kostnads messig oppnåeleg for fleire ungdomar.

Edinburgh

Hordaland fylke har tette band mot Edinburgh. Samarbeidet byggjer på dei historiske banda og er i særleg grad knytt opp mot arrangementa i samband med festivalen Edinburgh Capital Christmas Festival.

Det er stor nærleik mellom Hordaland og Edinburgh. Vi deler historie, nærleik til Nordsjøen, maritime og oljebaserte næringer. Mange norske studentar vel å studere i området. Storbritannia er eit populært val for elevar som planlegg eit utvekslings år.

Tilbod

Gjennom det Norske generalkonsulatet, har opplæringsavdelinga og Amalie Skram fått kontakt med St David's High School i Dalkeith, ca 20 minutt med bil frå sentrum av Edinburgh. Skulen har eit eksisterande utvekslingssamarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

St David's har gode røynsler med dei norske utvekslingselevane og ynskjer Hordaland Fylkeskommune velkommen til eit tilsvarande samarbeid.

Vertsskolen organiserer innlosjering i private familiær i nærleiken av skulen. Dette inkluderer kost og er kvalitetssikra gjennom skulen.

St Davids's er ein skule med ca 800 elevar i ny skulebygning. Skulen gjev inntrykk av å ha eit godt fagleg tilbod gjennom moderne pedagogiske metodikk.

Utenlands klassen

Vi søker om å få opprette eit tilbod innan Studiespesialiserande programområde. Det er relativt lett å innpassa eit utanlands opphold innanfor dette programområdet.

Organisering av tilboden vert planlagt etter same modell som HFK sine tilbod i Caen og Cardiff. Organiseringa byggjer òg på avtala som Møre og Romsdal Fylkeskommune har med St David's High School.

Klassa vert opp følgt av ein lærer/ koordinator frå Amalie Skram gjennom besøk på St Davis's og digital oppfølgning.

Faga norsk og historie vert tilbode gjennom samlingar og nettundervising frå Amalie Skram.

Økonomi

Elevar som vel å ta eit skuleår i utlandet opptek ikkje ein skuleplass i Hordaland og belastar difor ikkje fylkeskommunen økonomisk.

St Davis's krev skulepengar frå utanlandske elevar. Desse må betalast av Hordaland Fylkeskommune.

Elevane betaler pr i dag GBP 120 pr veke for kost og losji i engelske familiær.

Amalie Skram reknar med å bruke ca 50% ressurs til koordinator og lærar i faga historie og norsk. Denne kostnaden vert søkt dekt av Hordaland Fylkeskommune.

Amalie Skram søker

Amalie Skram ynskjer å få løyve til å koordinere ein utanlands klasse på 20 elevar i St David's High School i Edinburgh.

Vi ber om at Hordaland Fylkeskommune løyver middel til å dekke skulepengar for elevane og 50% ressurs for koordinator og lærar.



Bjørn Lyngedal

Rektor Amalie Skram videregående skole